



Kjære medlemmar i Nordhordland Veteranbåtlag

I vinteropplaget vart det jobba jamt og trutt, slik at OSTER skulle vera i best mogeleg teknisk stand og nypussa til opninga av sommarsesongen og langturen til Oslo i juli månad.

Det første oppdraget vart Kulturdagen i Ytre Arna den 3. mai. Dette vart ein pangstart og ifølge billettør Odd si oversikt, så hadde det aldri før blitt selt så mange billetter om bord på OSTER, på ein dag, som denne dagen! Det vart 2 turar frå Indre Arna til Ytre Arna, samt ein tur frå Haus og Votlo og på alle desse tre turane var det fullt belegg.

Slippsetjinga vart gjort den 5. og 6. mai. Skuta vart saumfart utan at det vart gjeve ein einaste an- merkning og Passasjersertifikatet fekk den nødvendige signaturen m/ stempel av Sjøfartsdirektoratet.

I løpet av sommaren transporterte OSTER 3 brurepar m/ gjestar. OSTER var også med på Torgdagen, 3 søndagsturar til Lynghei- og Utvandarsentra, Kystsogedagane i august og Bønder i Bydn i september. Det vart også Blåturar for fleire firma, både før og etter sumarferien.

På Grunnlovsturen til Oslo dampa OSTER avgarde i det finaste sommarveret som ein kunne ønskja seg. Konvojen inn Oslofjorden var eit flott syn og arrangementet vart svært vellukka. Det vart passasjertur frå Oslo til Vollen i Asker på to av dagane, med godt passasjerbelegg på begge.

Det er fleire som fortel at dei er imponerte over av at OSTER alltid kjem seg raskt til og frå kai, utan sommel. Likeeins står det respekt av den faglege dugleiken til navigatørane på OSTER, som finn fram, anten det gjeld turar i nærområdet eller ein Austlandstur.

Ein tur som vart heilt spesiell var turen frå Fønnes og innover til Nesbø. På Fønnes friska det på med vinden utover ettermiddagen, men då OSTER nærma seg Nesbø stod sjørasket ut Austfjorden. Då var det godt å ha ein skippar på brua med lang fartstid på Fedje, der det ofte kan vera stormfullt. Likeeins at dette var heimstaden til styrmannen, som dermed hadde den lokalkunnskapen om vindretningane ved Nesbø-kaien som trongst under slike tilhøve. Skipparen og styrmannen hadde til saman dei aller beste føresetningane for at dette skulle gå bra og det gjorde det!

For OSTER er det viktigaste at drifta går greitt, utan uhell av noko slag. Dette er takka vera det dugande mannskapet som alle gjer ein framifrå god jobb.

Me kan vera stolte av at NHVL har det største medlemstalet av dampbåtklubbane her i landet. Grunnen er nok i første rekkje at mange har gode minner om OSTER frå den tida han var rutebåt. Ein annan grunn er at songen *Dar Kjem Dampen*, skriven av døveprest Hammer og framført av Ivar Medaas, har halde liv i minnet om dampbåtane, i alle dei åra dei var vekke frå havna i Bergen.

Me er alltid glade for nye medlemmar, så tips gjerne familie og vener om det.

Så vil eg ønskja dykk alle ei God Jul og eit riktig Godt Nyttår med takk for innsatsen og støtta i året som har gått.

Vel møtt i det nye året 2015!

*Med venleg helsing
Tor Johannes Bjørngaas
Leiar*





**GRASROT
ANDELEN**

D/S OSTER

Ønsker deg som grasrotgivar.

Dersom du ønsker at D/S Oster skal vere din grasrotmottakar, Vil D/S Oster motta 5 % av ditt innsatsbeløp.

Slik kan du gjere det:

Ta med deg opplysningar neste gong du leverer kupongar til kommisjonæren.

Vis strekkoden for Grasrotmottar for D/S Oster og be om å bli registrert.

Kommisjonæren registrerer deg no er du registrert for D/S Oster.

Du kan levere kupongar alle stader, for no kjem det opp på skjermen at du er grasrotgivar til D/S OSTER

Av din innsats på kr 100,- vil D/S Oster får kr 5,-

NORDHORDLAND VETERANBÅTLAG

Organisasjonsnummer: 983395430



32774983395430